Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Garaneset, 4230 Sand

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47

www.svr.no

Delegert vedtak

Eivind Haaland
Eikeskogveien 141

4335 DIRDAL

Arkivsaksnr: 2021/6674-0
Saksbehandler: Alf Odden
Dato: 13.07.2021

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR - delegert utvalg	82/21	
Verneområdestyret for SVR		

Delegasjonssak RO 41/2021

INNVILGA SØKNAD OM DISPENSASJON TIL HELIKOPTERTRANSPORT TIL TRE DRIFTEHYTTER I FRAFJORDHEIANE LANDSKAPSVERNOMRÅDE, GNR/BNR, 60/1, GJESDAL KOMMUNE – EIVIND HAALAND

Viser til søknad datert 12.07.2021 om fleirårig mdispensasjon til helikoptertransport i Frafjordheiane landskapsvernområde. Forvaltningssekretariatet for Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Frafjordheiene har etter delegert mynde fatta dette vedtaket 13.07.2021.

Med vennleg helsing

Alf Odden
Verneområdeforvaltar SVR

Brevet er godkjent elektronisk og sendast utan underskrift


Kopi
Gjesdal kommune, Statsforvalteren i Rogaland

Vedtak

I medhald av §2, §3, punkt 5.1 og §3, punkt 5.3a i Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde får Eivind Haaland løyve til å bruke helikopter til transport av materialar og utstyr til tre driftehytte nord for Eikeskog på eigedommen gnr/bnr, 60/1 i Gjesdal kommune.

Transportane skal gå mellom Eikeskog og dei tre hyttene ved Eikeskogstølen, Månaknuten og Høgstøldalen. Det skal nyttast landingspunkt slik det går fram av kartet i vedtaket. Det skal nyttast raskaste flygerute mellom dei aktuelle landingspunkta og det skal ikkje flygast lågare enn 300 m over bakken. Transportane skal om mogleg samordnast med andretransportar i område.

Dispensasjonen gjeld for inntil 8 transportar i året innan tidsrommet 15.06-15.12. Dispensasjonen gjeld for perioden 2021-2024.



Klagerett

Vedtaket kan påklagast til Miljødirektoratet. Klaga skal sendast til verneområdestyret for vidare handsaming. Klagefristen er 3 veker frå mottak av vedtaket. Alle partar med klagerett har rett til innsyn i saksdokumenta. Skrifteleg klage skal sendast til Verneområdestyret for SVR Pb. 788 Stoa, 4809 ARENDAL eller på e-post til sfagpost@statsforvalteren.no Oppgi kva for eit vedtak det vert klaga på, dei endringane klagar ynskjer og grunngjeving for klaga. Dersom det vert klaga så seint at det kan vere tvil om det er klaga i rett tid, må det opplysast når brevet kom fram.

Saksopplysninger

Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad datert 12.07.2021 og samtale med søkar 05.07.2021.

Eivind Haaland søker løyve til å bruke helikopter til transport av gjerdemateriell, materialar og utstyr til tre driftehytter nord for Eikeskog i Frafjordheiane landskapsvernområde. Søknaden gjeld for åtte transportar i året for tidsrommet 2021-2025. Søkar oppgjev at transportane til desse driftehyttene er årvisse i samband med transport av materialar for vedlikehald og utstyr i samband med beitebruken av området.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde av 30.01.2004.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldslova

Heimelsgrunnlag

Frafjordheiane landskapsvernområde og dei tilgrensande naturreservata Ørestø og Migaren vart oppretta ved Kronprinsregenten sin resolusjon 19.12.2003. Direktoratet for naturforvaltning vedtok 30.01.2004 ei mindre endring i verneforskrifta

Føremålet med opprettinga av Frafjordheiane landskapsvernområde er etter §2 mellom anna::

- å ta vare på eit representativt, særprega og vakkert landskap, med bratte fjord- og dalsider via lågheiar opp til glattskurt høgfjell.
- å ta vare på vatn og vassdrag, viktige leveområde for eit særmerkt plante-og dyreliv, geologiske landskapsformer, samt beite- og stølslandskap med automatisk freda og nyare tids kulturminne.

Vidare heter det at *"Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging".*

Motorisert ferdsel i verneområdet vert regulert av verneforskrifta §3, punkt 5.1. Her heter det at motorferdsel er forbode på land og i vatn. I §3, punkt 5.3a. heter det vidare at forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til bruk av båt med motor, motorkjøretøy på frosen eller snødekt mark, eller luftfartøy i samband med *"….. transport av varer inn til hytter og støler, transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på hytter, klopper o.l……".*

Omsøkte tiltak kjem etter vårt syn inn under §3 punkt 5.1 og krev derfor dispensasjon for å kunne gjennomførast, jamfør §3, punkt 5.3.a.

Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane heter det i kapittel 2.4.3 at: *"Det kan gjevast helikopterløyve for inntil fire år dersom det kan dokumenterast at transportbehovet er årvisst og om lag like stort kvart år, og det er særskilt heimel for transportføremålet i den aktuelle verneføreskrifta"*.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Frafjordheiane landskapsvernområde. Arbeidsutvalet har i AU sak 11/2013, delegert avgjerdslemynde for dispensasjonssøknadar om ferdsle etter verneføreskriftene til verneområdeforvaltarane.

Vurdering

Naturmangfaldlova
Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Innverknad på verneverdiar og verneføremål
Dei omsøkte landingsplassane ligg 560-800 m.o.h, om lag 0.5-4.5 km innafor grensa til Frafjordheiane kandskapsvernområde. Dette område bestå av eit ope og relativt kupert fjellsterreng på nordsida av Fidjadalen. Vegetasjonen på staden er dominert av gras og lyngartar som er vanlege for området.

Denne delen av Frafjordheiane blir i liten grad brukt av villreinen og denne låge bruken har vore mønsteret ei tid. Dette blir og stadfesta av resultata frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011) og GPS-plott frå www.dyreposisjoner.no . I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinens arealbruk i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det ikkje registrert villreintrekk i område.

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon (www.naturbase.no). Her er det registrert to hekkelokalitetar for Kongeørn 700 m og 1.1 km frå det omsøkte landingspunktet på Eikeskog. Kongeørn er oppført som nær trua i den nasjonale rødlista og er svært sårbar for forstyrringar i en radius på fleire hundre meter frå reirplassen. Dette gjelder særlig for perioden for egglegging og ruging i mars og april. Elles er det ikkje registrert informasjon om andre prioriterte arter, trua eller nær trua arter på Norsk rødliste for arter 2015 eller andre verdifulle arter som kan ta skade av den omsøkte motorferdsla. Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalte naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk rødliste for naturtypar 2015 eller andre verdifulle naturtypar. Det er heller ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle område.
Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.askeladden.no). Det er ikkje registrert kulturminne i nærleiken som kan ta skade av den omsøkte motorferdsla.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvaltningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. §9 om ”Føre var prinsippet” vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Det er ikkje registrert større tekniske inngrep i område utover nokre få stølshus og driftehytter. Ferdsla i område er og svært avgrensa. Det er heller ikkje gjeve andre helikopterløyver i dette området i 2021.
Dei åtte omsøkte transportane vil i liten grad medføre forstyrringar og ei auka belastning på naturmangfaldet. Ettersom eksisterande belastning frå tekniske inngrep, ferdsel og anna motorferdsle er relativt låg, er det etter forvaltningsstyresmakta sitt syn, heller ingen fare for at dei omsøkte helikoptertransportane vil medføre ei kritisk eller uakseptabel auke av den samla belastninga på økosystemet i område. Faren for forstyrring av kongeørnlokalitetane er avgrensa når tansportane skjer etter midten av juni.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. Slik forvaltningsstyresmakta vurdere det, er bruk med helikopter den beste løysinga for det transportbehovet som blir skissert i

søknaden. Mengdene gods som skal fraktast er relativt stort og vanskeleg terreng og ustabile snøtilhøve gjer desse driftehyttene vanskeleg tilgjengeleg med snøskuter. Søkar har tidlegare fått løyve til liknande transportar og alt tydar på at transportbehovet er årvisst, og at transportbehovet ligg på 4-8 turar årleg. Søknaden kvalifiserer derfor for å kunne bli tildelt eit løyve som gjeld for fire år.
§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

Konklusjon
Den omsøkte motorferdsla er såpass avgrensa i omfang at forstyrringane den medfører må kunne karakteriserast som kortvarige og forbigåande. Helikoptertransporten vil derfor berre i liten grad vil ha ein negativ innverknad på verneverdiane i Frafjordheiane landskapsvernområde. Motorferdsla kjem heller ikkje i konflikt med verneføremålet for verneområde.